

## Til Miljøverndepartementet

### Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval

Onsdag 2. juni 2010 på Vats skule kl. 19.30

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Gro Karin Velde, Ingunn Skosheim Ohm,  
Sevrerin Fatland, Jon Olav Velde

### Sak 3. Avvikling av utrangerte offshoreinstallasjoner – høyringsuttale frå Vats Grendautval.

Grendautvalet ser at dette er eit svært omfattande dokument som krev god fagleg innsikt i dette komplekse arbeidet som må gjerast i åra som kjem. Alle utrangerte oljeplattformer som skal demonterast, inneheld mange farlege gifter – spesialavfall som må takast hand om på forsvarleg og profesjonell måte på godkjende anlegg.

Den 18. mai kom miljøvernminister Erik Solheim til Vindafjordhallen der Klif (Klima- og forurensingsdirektoratet) la fram ein rapport til ministeren som gir anbefalingar om korleis slike installasjonar skal handsamast/demonterast for å unngå at det blir avrenning ut i naturen..

Ved nasjonal føring blir det ikkje opp til dei enkelte kommunane eller fylka å vurdere korleis slike anlegg skal handtera slike oppdrag i framtida.

I rapporten er det lista opp mange strenge krav til alle godkjende mottaksanlegg.

Jfr.brev på nettet:

[www.klif.no/Aktuelt/Nyheter/2010/Mai-2010/Avvikling-av-utrangerte-offshoreinstallasjoner/](http://www.klif.no/Aktuelt/Nyheter/2010/Mai-2010/Avvikling-av-utrangerte-offshoreinstallasjoner/)

AF Decom ute på Raunes i Vats har allereie ein høg standard, og vil på lik linje med dei andre liknande mottaksanlegga i landet få ein lik standard når det gjeld handsaming og demontering av utrangerte oljeinstallasjonar frå Nordsjøen. Alle vil på lik linje bli kontrollert og få tilsyn for sitt arbeid og retta seg etter alle nye krav som måtte koma.

Grendautvalet er svært tilfreds med at det nå blir utarbeidd nasjonale føringar for alle godkjende mottaksanlegg og få like konkurransevilkår.

Dette er viktig når ein skal ta seg av slike gamle utrangerte plattformer som kan vera miljøbomber om dei ikkje blir handsama på ein skikkeleg måte.

Dette har vore eit ynskje frå alle partar heile tida.

**Vedtak:** Grendautvalet er svært tilfreds med at det nå er nasjonale føringar og at rapporten legg opp til strenge krav til mottaksanlegg, handsaming av spesialavfall, kvalitetssikra mannskapet i alle ledd, gode overvakeringsrutinar, kartlegging av farlege stoff/spesialavfall og at det blir jamnlege kontrollar på anlegga.

Alt dette vil vera positive tiltak som gjeld **alle** anlegg og vil sikra miljømessig forsvarleg handsaming av utrangerte oljeinstallasjonar.

Øvre Vats 9/6 – 10

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar i Vats Grendautval

Tlf. 905 54 134  
[veldejon@online.no](mailto:veldejon@online.no)